



KARMØY KOMMUNE
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandler
Aurora Skimmeland, 51568708

Uttale- Søknad om dispensasjon frå LNF- føremålet i kommuneplanen for oppføring av erstatnings fritidsbustad gnr./bnr. 52/15 i Karmøy kommune

Me syner til kommunen si oversending av sak, dagsett 20.07.2022.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet (landbruks-, natur- og friluftsføremålet i kommuneplanen for oppføring av erstatningsfritidsbustad. Eksisterande fritidsbustad og anneks skal rivast og ny fritidsbustad får BYA 100 m². Ny fritidsbustad vert plassert lengre sør på tomta enn i søknad som Statsforvaltaren rådde ifrå, det skal berre vera ny fritidsbustad og eksisterande driftsbygning igjen på tomta. Kommunen vil i rammeløyve stille vilkår om det det berre tillatast gangsti inn til fritidsbustad frå parkeringsplass, og at eventuell veg ved utbygging må tilbakeførast. Kommunen er positive til å gi dispensasjon i saka.

Saka er sendt på høyring til statlege og regionale sektorstyresmakter i tråd med reglane i plan- og bygningslova kapittel 19. Det er ikkje nok at omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, eller omsynet bak lova sitt føremål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje blir vesentleg satt til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon, etter ei samla vurdering, være klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningsloven § 19-2. 2.ledd.

Vår vurdering

Saka er sendt til Statsforvaltaren for ny uttale etter revidering av søknaden. Av dei nasjonale ansvarsområda Statsforvaltaren er sett til å ivareta gjennom plan- og bygningslova, har me ikkje merknader til at det vert gitt dispensasjon i denne konkrete saka etter revideringa.

Me gjer elles merksam på at som uttaleinstans skal me ha kommunen sitt vedtak tilsendt straks det er gjort.

Med hilsen

Tina Eltervåg (e.f.)rådgiver

Aurora Skimmeland
rådgiver



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger